

RETNINGSLINJER FOR INNGREP STORD FJELLSAMEIGE

Retningslinjene er utarbeidd etter vedtak på årsmøte i Stord fjellsameige 26.03.2021. Retningslinjene vart vedtekne på årsmøtet påfølgjande år, den 23.03.2022. Inngrep på Stord fjellsameige sin eide dom skal haldast på eit minimum av omsyn til fjellsameiget sitt føremål, som jf. vedtekten er:

1. Beite
2. Jakt
3. Fiske
4. Turisme
5. Andre tiltak i sameiget

ALLE TILTAK

Stord fjellsameige ønskjer at eide dom skal vera mest mogeleg inngrepsfri, for å hindre ueheldig utvikling på sikt. Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast på ein mest mogeleg skånsam måte, av omsyn til den sårbarane floraen og faunaen som finnes på fjellet, som har lang attgroingstid. Alle tiltak skal tilpassast staden, både mot. plassering, utforming og materialitet. Alle tiltak skal godkjennast av styret i frå sak til sak, der større tiltak må godkjennast av årsmøtet.

All aktivitet skal ta omsyn til beitande dyr i perioden 01.05.-30.09, og særleg i slepp- og sanke-tida av sau. Dette er vêravhengig, men skjer stort sett i helger i juni og i september. All aktivitet skal òg ta omsyn til naturleg dyreliv, særskilt i hekke- og yngletida.

BEITE

Tiltak knytt til beite er tillate på eide dom, men skal godkjennast av styret i frå sak til sak. Stord beiteland skal involverast i samarbeid om tiltak knytt til beite. Større og varige tiltak skal ev. godkjennast av årsmøtet.

JAKT

Jakt er tillate på eide dom, i tråd med viltlova sine reglar. Årsmøtet kan vedta jaktpause på dyr av omsyn til bestandsutvikling over tid. Ev. fellejakt skal godkjennast av styret på førehand, og eigenerklæringskjema skal fyllast ut og sendast styret. Jegerar skal løyse jaktkort i tråd med reglane fastsett av Stord fjellsameige. Jaktoppsyn følgjer opp at reglar vert følgje. Styremedlem og ektefeller/sambuarar er fritekne kjøp av jaktkort, men skal levere fangstrappo.

FISKE

Fiske er tillate på eide dom. Årsmøtet kan vedta fiskepause eller fiskeuttak av visse artar, av omsyn til bestandsutvikling over tid. Garn er tillate. Det er ikkje tillate med motor på båtar, inkl. elektrisk motor, jf. lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselslova).

TURISME

Eigedomen er mykje nyttå til friluftsliv i lokal og regional samanheng. DNT si hytte på Stovegolvet opnar i større grad for «turisme», som kan vera positivt for kommunen og regionen. Tiltak knytt til turisme skal søkjast styret. Større arrangement skal søkjast styret, og skal unngåast i beiteperioden 01.05.-30.09, og særleg i slepp- og sanketida av sau. All aktivitet, inkludert organisert turverksemd, skal ta omsyn til beitande dyr og naturleg dyreliv.

Oppføring av toalett og søppelbeholdarar o.l. som ledd i tilrettelegging for friluftsliv/turisme skal ikkje tillatast på eigedomen.

ANDRE TILTAK – Bygningar, vegar og andre konstruksjonar/innretningar/anlegg

Vedlikehald av eksisterande bygningar, vgar og andre konstruksjonar/innretningar/anlegg på eigedomen er tillate. Som vedlikehald reknar ein tiltak eller arbeid som er naudsynt for å hindre at desse vert forringa. Større vedlikehaldsarbeid og tiltak som kan føre til endra karakter skal meldast til styret.

Standardheving, oppføring av tilbygg, påbygg, utvendig ombygging, endring av utsjånad eller funksjon m.v. skal søkjast til styret før tiltaket ev. vert søkt kommunen. Det er ikkje tillate med hagevekster, gjerde, plattigar, terrassar o.l. tilknytt bygningar og andre konstruksjonar/innretningar. Unnatak er gjerder av tryggleiksomsyn.

Oppføring av nye bygg skal søkast styret, som skal førebu sak til årsmøtet, før det vert søkt kommunen. I utgangspunktet er det ikkje tillate med nye bygg på eigedomen, med unnatak av reestablishering av bygg på gamle tufter, samt gjenoppføring etter brann og naturskade o.l.

ANDRE TILTAK – Stiar

Det er etablert eit godt stinett på eigedomen, der nokre av desse er synte som «raudmerka» fottur-stiar i turkart utarbeidd i regi av DNT. Stord fjellsameige har avtale med Stord Fitjar Turlag knytt til rydding og vedlikehald av stiane. Styret kan godkjenne nye stiar og be om å få stiar fjerna i frå karta av omsyn til fjellsameiget sitt føremål, jf. vedtekten. Nye stiar skal søkast styret, som skal ha ei restriktiv haldning til nye stiar ettersom sti-nettet er godt utbygd og Stord fjellsameige ønskjer ulik grad av tilrettelegging for friluftsliv/turisme på eigedomen. Nye stiar inneber noko terrengeingrep og lang attgroingstid, samt negative effektar på beitande dyr grunna auka ferdsle. Nye/omlegging av stiar kan vera positive grunna kanalisering av ferdsle vekk i frå sårbare område.

ANDRE TILTAK – Motorisert ferdsle

I samsvar med motorferdselslova er motorisert ferdsle ikkje tillate i utmark. Styret kan, som grunneigar, godkjenne løyve til motorisert ferdsle etter lova, men kan ikkje godkjenne slik ferdsle i beiteperioden (01.05.-30.09.). Unnateke av særskilte behov, som t.d. naudsynte og akutte reparasjonar av bygg og konstruksjonar/infrastrukturinstallasjonar.



Styret skal vera restriktive til å gi løyve til motorisert ferdslle med helikopter elles i året til frakt av ved, materiale, utstyr m.v. i helger, av omsyn til jakt, fiske, friluftsliv/turisme.

ANDRE TILTAK – Skiløyper

Det er opparbeidd skiløyper på Heio i regi av Stord Ski. I tillegg vert Kattnakkevegen preparert. Vegen ned til kraftstasjonen, vegen opp til Kattnakken, og området i Kvelve vert òg mykje nytta av skigåarar. Nye skiløypetraséar skal sokast styret, som skal ha ei restriktiv haldning til nye løyper som krev terrenghandsaming grunna lang attgroingstid.

ANDRE TILTAK – Skogsdrift

Det er tillate med tynningshogst og uttak av tre som står i fare for fall. Medlem i sameiget kan søkje styret om å få felle særskilte tre på eigedomen. Ein skal då fylle ut skjema «Eigenerklæring for vedhoggar». Nokre døde trer skal liggja att.

GENERELLE FORBOD

Med mindre anna er bestemt av årsmøtet, er det forbode med planting/såing av trer, planter og anna vegetasjon, samt utsetting av dyr, som ikkje er naturleg heimehøyrande på eigedomen. Dette av omsyn til spreiing og landskapsbilete. Det same gjeld oppdyrkning av myr, masseuttak og etablering av nye vegar.